



Hardangerrådet iks



Hardanger

Referat frå møte i Rådmannsforum

Dato: Fredag 05.06.2015

Tid: 09.00 -14.00

Møtestad: Kommunehuset i Jondal

Rådmenn: Geir Underhaug (Eidfjord), Trude H. Letnes (Granvin), Siv Helle Prestegard (Jondal), Arild Steine (Kvam), Ingrid Guddal (Odda), Hedvig Moe Øren (Ullensvang), Reidar Meel (Ulvik) og Einar Hauge, deler av møtet (Voss).

Administrasjon: Leiv Vambheim (Hardangerrådet iks) Sekretær, Magne Vassenden (Samhandlingsreforma), Anette Hjeltne (Flytt til Hardanger).

Møteinnkallinga er gjort i Outlook. Dokumenta er nummererte.

Agenda:

- 09.00 Samhandlingsreforma i Hardanger. Styringsgruppemøte**
- 10.30 Flytt til Hardanger. Styringsgruppemøte**
- 11.30 Lunsj**
- 12.30 Sakshandsaming Rådmannsforum**
- 14.00 Møteslutt**

Merknader til møteinnkallinga:

Alle sendingar til Rådmannsforum må vera i PDF, grunna problem med Wordfiler. Møtereferat frå 20.mars 2015 i Granvin vert sendt Rådmennene.

Sakliste Rådmannsforum:

Alle saker er samrøystes vedtekne om ikkje anna er særskilt nemnt.

RF-sak 14/15 Meldingar

Ingen meldingar registrerte.

RF-sak 15/15 Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss.

Vedtak:

1.

Styringsgruppa tek rapportane frå oppgåvene/delprosjekta til vitande.

Styringsgruppa vil ha alle sluttrapportane frå delprosjekta til kommunane etter kvart som dei er klare. Prosjektgruppene 1,2,4,5,6 og7 leverer innan 01.07.15 og Prosjektgruppene 3, 8 og 9 vert levert innan 25.08.15. Styringsgruppa vil ha konkrete forslag til vedtak til tilråding til kommunane på neste møte 25.09.15.

2.

Styringsgruppa godkjenner framlegg til revidert budsjett for prosjektet 2015.Hovudprosjektleder Magne Vassenden fullfører sluttrapporten og startar opp nettverksgruppene slik godkjent i styringsgruppa innanfor sin 50 % stilling.

RF-sak 16/15 Flytt til Hardanger Sluttrapport

Framlegg frå Arild Steine:

1.Styringsgruppa for prosjektet «Flytt til Hardanger – Attraktive bukommunar» godkjenner med dette sluttrapport og rekneskap.

2.Styringsgruppa tilrår kommunane/herada i Hardanger å halda fram tilflyttingsarbeidet i regionen ved å nytta følgjande verktøy etter prosjektslutt:

- a. Ha eigen tilflyttarvert / definert kommunevertskap.
- b. Ha gode rutinar tilflyttingsarbeid.
- c. Ha ein aktiv og bevisst bustadpolitikk. (Til dømes: Startbustadar, Utleigebustadar, tilgang på rimelegare kjøpsobjekt, tilgang på attraktive tomter)
- d. Tilretteleggja for samarbeid med næringslivet i rekruttering av arbeidskraft
 - a. Leggja til rette for verksemdar som har behov for å rekruttera frå utlandet gjennom Nav Eures-messer
 - b. Delta på karriere- og jobbmesser
 - c. Jobb for 2
- e. Kontinuerleg omdømearbeid i kommunane
 - a. Vera synleg under lokale festivalar og arrangement
 - b. Bruka hardanger.com og Facebookgruppa som flytttilhardanger.no
- f. Målretta integrerings- og inkluderingsarbeidet i kommunane
 - a. Gje norskopplæring i samarbeid mellom kommunane. Støtta intensivkurs for arbeidsinnvandrarar: Kvam, Odda og Voss

Vedtak:

1. Styringsgruppa for prosjektet «Flytt til Hardanger – Attraktive bukommunar» godkjenner med dette sluttrapport og rekneskap.

2. Styringsgruppa tilrår kommunane/herada i Hardanger å halda fram tilflyttingsarbeidet i regionen ved å nytta følgjande verktøy etter prosjektslutt:

- a. Ha eigen tilflyttarvert / definert kommunevertskap.
- b. Ha gode rutinar tilflyttingsarbeid.
- c. Ha ein aktiv og bevisst bustadpolitikk. (Til dømes: Startbustadar, Utleigebustadar, tilgang på rimelegare kjøpsobjekt, tilgang på attraktive tomter)
- d. Tilretteleggja for samarbeid med næringslivet i rekruttering av arbeidskraft
 - a. Leggja til rette for verksemdar som har behov for å rekruttera frå utlandet gjennom Nav Eures-messer
 - b. Delta på karriere- og jobbmesser
 - c. Jobb for 2
- e. Kontinuerleg omdømearbeid i kommunane
 - a. Vera synleg under lokale festivalar og arrangement
 - b. Bruka hardanger.com og Facebookgruppa som flytttilhardanger.no
- f. Målretta integrerings- og inkluderingsarbeidet i kommunane
 - a. Gje norskopplæring i samarbeid mellom kommunane. Støtta intensivkurs for arbeidsinnvandrarar: Kvam, Odda og Voss

RF-sak 17/15 Handlingstiltak Team Hardanger

Vedtak:

Handlingsplan for Team Hardanger:

1. Samarbeid med Næringslivet.

- a. Tilretteleggja for samarbeid med Næringslivet i Hardanger som temamøte, karrieremesser og jobbmesser etter næringslivet sine behov for kompetanse.
- b. Spela inn nærings saker og arealsaker til Hardangerrådet iks.
- c. Samarbeida på tvers av kommunane om å tilretteleggja for tilflyttarar.
- d. Oppdatera arealguiden.no

2. Etablerarteneste

- a. Ta ansvar for at Hardanger har ei rasjonell og operativ etablerarteneste som førstelineteneste, andrelineteneste og etablerarskulering.
- b. Vedlikehalda kommunane sin informasjon på kom-an.no

3. Halda kontakt med Samarbeidspartar.

- a. Følgja opp dei endringar som skjer i regelverka til Innovasjon Norge, Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.
- b. Ha nettverk med Samarbeidspartar som Springbrett, Connect Vest, Inunet, Nyskapingparken, Hardangermeny etc.
- c. Årleg møteserie med samarbeidspartane i Hordaland.
- d. Delta i arbeidet med Utviklingsplan for indre Hordaland

4.Deltaking internasjonalt arbeid og kontaktnettverk.

- a. Initera EU program som styrkjer kompetansen i Hardanger som region.
- b. Ha søkjarkompetanse på EU-prosjekt.
- c. Delta i prosjektet E-mobilitet saman med RHF.

5.Styrkja nettverket i Team Hardanger.

- a. Dela CV med kvarandre for å nytta kvarande sin kompetanse.
- b. Ha sterkare rolle i den årlege Hardangerkonferansen.
- c. Aktiv rolle med informasjonen i www.hardanger.com
- d. Ha minst 4 samlingar i året.

6.Karrieredagen i Bergen 13.oktober 2015.

RF-sak 18/15 Kommuneleiarsamling hausten 2015

Aktuelt tema for dagssamlinga er Strategisk leiing i kommunen. Veke 36 td onsdag 02.09.15. Stad kjem ein tilbake til. Søkja OU-midlar i KS /KLP....,

RF-sak 19/15 Samarbeidsorgan i Hardanger oppdatering

Vedtak:

Kommunane sender korrekt oppdatert liste til Leiv snarast innan

RF-sak 20/15 Oppsummeringsmøte kommunevalperioden 2011 -2015

Vedtak:

Det vert ikkje felles oppsummeringsmøte. Ordførarane vert oppmoda å gjera ei evaluering. Derimot er det viktig å planleggja samhandlinga i neste periode. Det er planlagt eit fellesmøte 29.10.2015.

RF-sak 21/15 Kommunestruktur – gjensidig orientering og drøfting

Vedtak:

- a. Deltaking 22.06.2015: Kommunestyrepolitikarar, Rådmenn, Leiargruppe, Store Hovudillitsvalde, Hovudverneombod.
Dei administrative rapportane vert trykte opp til møtet.
Det er viktig å avgrensa debatten til avklarande spørsmål om dei administrative utgreiingane.
- b. Rådmannsforum tilrår slike endringar i opplegget til 22.06.2015.
Klokka 17.00 Buffet i matsalen Quality Hotel Vøringsfoss.
Møte vert halde mellom klokka 18.00 og 21.00 med slik agenda: (Rådsordførar er møteleiar)
Klokka 18.00 – 19.30 Presentasjon av dei 3 Hardangerutgreiingane i Kommuneprosjektet innlagt ein kort pause.
Klokka 19.30 – 20.00 Kaffipause og drøs
Klokka 20.00 – 20.30 Spørsmål til innleiarane
Klokka 20.30 – 21.00 Ole Bakkebø ved Fylkesmannen i Hordaland reflekterer om det han har høyrte og orienterer om statleg framdrift.